

VEDTEKTER FOR VANG FRIVILLIGSENTRAL

Revidert på årsmøte 5.3.26

§1. Formål

Frivilligsentralen skal stimulere til frivillig innsats, skape opne møteplassar for befolkninga, og vere eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.

Formålet er definert gjennom følgjande delmål:

1. Førebygge einsemd og stimulere til frivillig innsats
2. Bygge fellesskap og skape møteplassar på tvers av alder, kultur, bakgrunn og interesser
3. Vere bindeledd mellom ulike sektorar, og ein støttespelar for frivillige lag
4. Inspirere lokalsamfunnet i arbeidet med berekraft, solidaritet og inkludering

Visjon: *Saman skapar vi eit godt og inkluderande lokalsamfunn.*

§2. Verksemd

Sentralen skal initiere, mobilisere og samordne frivillig aktivitet. Det skal årleg utarbeidast ein handlingsplan som legg grunnlaget for aktivitetane i sentralen. Aktivitetane skal leggjast opp i tråd med behov og føresetnader i lokalmiljøet, i samarbeid med enkeltpersonar, frivillige lag og foreiningar, andre offentlege instansar eller næringslivet der det er naturleg.

Aktivitetane skal være eit tillegg til offentlig verksemd, og kan ikkje erstatte lovpålagte tenester. Sentralen har eigne driftsrutinar, som er godkjent av styret og kommunalsjef for utdanning og kultur. Sentralen eller dei frivillige knytt til sentralen kan ikkje ta imot betaling, ut over godtgjersle for direkte utgifter, i tråd med rutinane.

§3. Organisering

Sentralen er eigd av Vang kommune og organisert under etat for utdanning og kultur, og kommunalsjef er næraste overordna for dagleg leiar. Kommunedirektør har det formelle personalansvaret når det gjeld tilsetting, lønsfastsetting og avskil. Sentralen skal drivast etter dei til kvar tid gjeldande vedtekter og reglar for Vang kommune samt Forskrift for statstilskot til frivilligsentralar. Tilrådingar frå Norges Frivilligsentraler er rettleiande så langt desse ikkje er i strid med nemnte reglar og forskrifter. Dagleg leiar står for dagleg drift av sentralen, i samarbeid med styret.

§4. Årsmøte

Formannskapet er årsmøte for Vang frivilligsentral. Årsmøtet skal haldast innan utgangen av mars månad kvart år. Ein skal halde ekstraordinært årsmøte når 1/3 av styret eller eigar/Vang kommune krev det. Årsmøte og eventuelt ekstraordinært årsmøte vert halde på ordinær møtedato i Formannskapet.

Årsmøtet skal vere ope for brukarar av sentralen sine tenester og andre interesserte, og gjerast kjend i aktuelle kanalar. Styret og dagleg leiar legg fram sakliste og naudsynt dokumentasjon, og har møte- og talerett på årsmøte.

Årsmøte skal handsame årsmelding, handlingsplan, innkomne saker samt val av styre med leiar og nestleiar, og valkomité med leiar.

Budsjett for frivilligsentralen vert vedteke av kommunestyret gjennom kommunen sin budsjett- og økonomiplan, og skal leggjast fram for årsmøte.

§5. Styret og valkomité

Styret er Vang frivilligsentral sitt øvste rådgjevande organ mellom årsmøta. Styret er sett saman av 7 personar, av desse skal det vera ein politisk representant frå kommunestyret og ein representant frå kommuneadministrasjon. Desse blir valt av sine respektive organ. Resten av representantane skal veljast av årsmøtet etter innstilling frå valkomiteen, og skal representere dei frivillige som er tilknytt frivilligsentralen, og frivillige lag og foreiningar. Medlemmer av styret veljast for to år av gongen. Leiar og nestleiar veljast for eit år av gongen.

Valkomitéen skal bestå av tre personar, frå dei frivillige som er tilknytt frivilligsentralen, og frivillige lag og foreiningar. Valkomiteen skal vektleggje god representasjon i alder, geografi, bakgrunn og kjønn i styret. Valkomitéen blir valt for to år av gongen, og innstiller ny valkomité.

Styret kan ta avgjerder når fire styremedlemmer er til stades. Ved stemmelikskap, tel leiaren si stemme dobbelt. Det bør haldast styremøte minimum to gonger i året, og evt elles ved behov. Dagleg leiar førebur sakspapir og naudsynt dokumentasjon i samråd med styreleiar, fører møteprotokoll og har møte- og talerett i styremøta.

Styret skal

- Setje i verk årsmøte sine avgjerder.
- Sørge for at sentralen sine føremål og handlingsplanar blir følgde, og ta initiativ til aktivitetar som er i tråd med desse.
- Vere ein støttespelar for dagleg leiar.
- Kontrollere at handlingsplan og årsmelding er på plass i god tid før årsmøtet.
- Styret er saman med dagleg leiar ansvarleg for å gje innspel til budsjettet før dette blir vedtatte i den kommunale budsjettprosessen.
- Styreleiar har eit ekstra ansvar for å samarbeide med dagleg leiar mellom styremøta, og delta i t.d. tilsettingsprosessar, samt å leie styremøta.

Eigar skal informerast om saker som er av grunnleggjande karakter. Saker som kan få økonomiske forpliktingar ut over dei rammene som er sett, eller som forpliktar sentralen lengre enn til neste årsmøte, skal drøftast med kommunalsjef for utdanning og kultur.